



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Eiendomsmegler Vest
Pb. 7999
5020 BERGEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/2170 - 14/8133

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
23.07.2014

Gnbr 132/3 Utkilen - søknad om konsesjon

Saksutgreiing:

Adrian De Costa Aase søker konsesjon for gnr/bnr 132/3 Utkilen i Austrheim kommune. Eigedomen er på 120,6 daa totalt, der 19,7 daa er fulldyrka, 7,9 daa er overflatedyrka, 0 daa innmarsbeite, 11,5 daa skog av ulik bonitet, resten er i hovudsak skrinn fastmark og noko anna utmark. Avtala kjøpesum for landbrukseigedommen er 1 720 000 kr.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter *Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, LOV 2003-11-28 nr 98*. Det skal leggjast særleg vekt på fem punkt ved handsaming av konsesjon, jf § 9.

Om den avtala prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling
Den avtala prisen er under 2 500 000 og følgeleg skal ikkje prisen vurderast i konsesjonsspørsmålet.
Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar sitt formål vil ivareta omsynet til busetjinga i området
Formålet med kjøpet er å busette seg på landbrukseigedommen.. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet er ei driftsmessig god løysing
Søkjar oppgir i søknaden om konsesjon at han ynskjer drive med jordbruk, skogbruk og fiske i forhold til tilgjengelege ressursar. Rådmannen finn at såleis vil ervervet være ei driftsmessig god løysing. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervar er skikka til å drive eigedomen
Rådmannen har ikkje informasjon som skulle tilseie noko anna enn at søker er skikka til å drive eigedommen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet

Søkjar oppgir i søknaden om konsesjon at han ynskjer å busette seg på landbrukseigedommen og drive med jordbruk, skogbruk og fiske i forhold til tilgjengelege ressursar. Ein som er busett på landbrukseigedommen er etter erfaring meir oppteken av og betre i stand til å ivaretake heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet. Rådmannen finn at såleis kan ervervet ivaretake omsynet til heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Vedtak

Med heimel i konsesjonslova §9 gjev Radøy kommune søkjar Adrian De Costa Aase konsesjon for kjøp av landbrukseigedommen gnr/bnr 132/3 Utkilen i Austrheim kommune.

Vilkår:

Rådmannen set som vilkår for konsesjon at søkjar buset seg på landbrukseigedommen gnr/bnr 132/3 innan eit år og bebur eigedommen i minst 5 år. Heimel for vilkår er Konsesjonslova § 11.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke
fungerande rådmann

Toril Marie Mulen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Adrian De Costa Aase

Åstveitskogen 6 5113

TERTNES

Mottakere:

Eiendomsmegler Vest

Pb. 7999

5020

BERGEN